

Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

- søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

1. Søkjar

Namn på søkjar:	Austrheim kyst- og sogelag		
Organisasjonsnr:	911609304		
Kontaktperson:	Atle Lervåg		
Adresse:	Austrheimvegen 466 5953 Fønnes		
Telefon:	94494965	E-post:	at-m-le@online.no
Skattekommune:	Austrheim		
Medlemstal:	50		

2. Søknad

Totalbudsjett:	120000, - kr	Søknadssum: 20000, - kr	
Tidsskrift/publikasjonar: Innbunden bok, om lag 350 sider.			
Skisse for prosjektet:			
<p>Mongstad var før 1972 ei heller lita bygd med hermetikfabrikk, mekanisk verkstad og 14 gardsbruk. Det budde 77 menneske i bygda. Sumaren 1970 informerte Norsk Hydro om konsernet ville byggja eit oljeraffineri på Mongstad - garden, og alle som budde på garden måtte flytta. Sumar og haust 1972 vart alle bygningar rivne og dei som budde der, måtte finna seg nye heimar.</p> <p>Vi som arbeider med bokprosjektet ønskjer at historia til barn og eldre som budde på Mongstad-garden skal verta fortald. No er det berre litt over 30 menneske att av dei som budde på garden i 1972.</p>			
Mål og framdriftsplan for prosjektet:			
<p>Målet er at historia, kvardagslivet til menneska på Mongstad-garden skal verta tatt vare på for ettertida. Det har også kome fram mange fotografi, dei eldste er frå om lag 1900.</p> <p>Innsamling av skriftleg materiell og intervju med menneska er avslutta. Ei gruppe på fem personar som voks opp på garden, arbeider no med å redigera og systematisera tekstar og bilete og redigera det til ei lesverdig bok. Planen er at boka skal trykkast i sommar eller tidleg på hausten 2016.</p>			

3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):

Både Lindås kommune som Mongstad høyrer til, og nabokommunen Austrheim har gode bygdebøker. Så kven som budde på tuna og kvar det vart av dei, er godt dokumentert. Men korleis menneska levde, kva dei arbeidd med, kulturaktivitetar og fritidsaktivitetar er òg viktig å få med. Og sidan alt som fanst av den opphavelige garden er borte og eit stort raffineri ligg der no, er det viktig å få dokumentert korleis folk levde i bygda, og korleis grenda såg ut. Alt no er det svært mange som ikkje eingong veit at det fanst ei levande jordbruk- og industribygd der. Det er også litt uvanleg at det var så stor industriaktivitetar i bygda. I sesongane kunne det vera opp mot 70 menneske som arbeidde i industribedrifter på garden. I boka vil det vera tekstar om historia til garden tilbake til 1865, mange som voks opp og flytta frå garden, har fortalt sine soger frå oppvekst og ungdom. Fleir personar er godt over 80 år, men minnest framleis godt både skuletid og arbeidsdagar. Kulturaktivitetar var sterkt knytt til aktivitetar i Lindåsneset og har fått sitt kapittel. Det er med både forteljningar frå krigen og merkedagar som bryllaup og gravferder. Og dei siste vonde åra vert òg trekt fram. Arbeidsgruppa meiner at det er viktig at historia om bygda som vart borte, er viktig å få fortalt.

Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.